



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Hovudutval for lokal utvikling

Møtedato: Sak nr:
20.01.2015 7/15

Saksbehandler: Svein Oftedale
Arkivsak: 12/652-48

Arkiv: K02

OPPHEVING AV FORSKRIFT OM SVARTHESPOVE SOM PRIORITERT ART - HØYRING

Svarthalespoven blei prioritert som art ved kgl. res. 20. mai 2011. Det blei etter dette gjort mindre justeringar i forskrifta i 2013.

Svarthalespoven (underarten *limosa*) finnes som hekkefugl i Noreg bare i eit fåtal. Dei aller fleste av desse hekkar i Klepp kommune. Arten finnes også i eit mindre tal også i Nord-Noreg, men då som underarten *islandica*. Arten er karakterisert som sterkt truga på den Norske raudlista for artar 2010.

Klima- og miljøverndepartementet har nå sendt ut forslag om å avprioritera denne arten. Bakgrunnen for forslaget er at forskrifta har ført til høgt konfliktnivå mellom grunneigarar og forvaltninga, og at grunneigarane har uttalt at dei oppfattar sin situasjon som lite forutsigbar. Underarten som hekker på Jæren hekker primært på grasareal som blir hausta. Det er restriksjonane som er lagt på desse areala som har ført til det høge konfliktnivået.

Departementet viser til at svarthalespoven framleis skal vere beskytta av aktsemdsplikta i naturmangfaldlova § 6. I den heiter det at einkvar skal gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet som er i strid med forvaltningsmålet for artar § 5.

I departementet sitt brev heiter det at det er ein føresetnad for avprioriteringa at det kjem på plass eitt eller fleire verkemiddel som kan ta vare på arten, også tilskot av ulik art.

Vurdering:

Grunneigarar som har hatt hekkande svarthalespove på sin eigedom har opplevd dei pålagte restriksjonane som urimelege. Restriksjonar på areal passer dårleg saman med intensiv grasproduksjon. Sjølv om grunneigarane etter kvart fekk dispensasjon frå forskrifta, var ikkje formuleringane i denne ei god løysing på forvaltninga av arten.

Det geografiske området der svarthalespove hekker er også leveområde for ei rekke andre særmerkte dyre- og planteartar. Leveområda for mange av desse inngår i område verna som landskapsvernområde eller naturreservat. Ein er likevel avhengig av grunneigar sin skjøtsel for å ta vare på mange av desse leveområda. Også med bakgrunn i dette er det om å gjere for forvaltninga å ha eit best mogleg forhold til grunneigarane i området.

Med bakgrunn i erfaringane som er gjort i saka, meiner kommunalsjefen at det er rett å avprioritera svarthalespoven. Ein stiller likevel spørsmål om kva for tiltak departementet sikter til når det er ein føresetnad at andre tiltak for å bevare arten blir sett inn. Dersom det gjeld frivillige økonomiske ordningar bør departementet sørgja for at slike kjem på plass.

Vedlegg:

- Brev frå klima- og miljødepartementet datert 17.12.2014.

Innstilling:

Kommunalsjefen sitt forslag til vedtak:

Hovudutval for lokal utvikling støtter framlegget om å oppheva forskrift om svarthalespove som prioritert art.

Hovudutval for lokal utvikling den 20.01.2015 sak 7/15

Einstemmig VEDTAK:

Hovudutval for lokal utvikling støtter framlegget om å oppheva forskrift om svarthalespove som prioritert art.

Rett utskrift, 21.01.2015

Karin Sandve Vereide
møtesekr.

Kopimottakere:

Direktoratet for Naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM

e-post: postmottak@dirnat.no

Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59 Sentrum, 4001 STAVANGER

e-post: fmropost@fylkesmannen.no

Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO e-post: postmottak@kld.dep.no

Kjell Harald Horpestad, Nordsjøvegen 1033, 4343 ORRE, e-post: khhorp@online.no

Styrk Lote, Vinkelvegen 1, 4345 BRYNE